

**Skulekameratane på Haugland**

13.06.2013

**Ei gruppe frå Valen barnehage gjesta Haugland skulemuseum onsdag i denne veka.  
Det var dei eldste borna, kalla skulekameratane fordi dei skal byrja på skulen til hausten.**

Det var ei gild gruppe som søkte kunnskap og ville vita meir om skulen i gamle dagar. Etter velkomst ute på tunet fekk alle sin pult og sine bøker. Skuledagen tok til med salmesong. Nokre fekk sjå korleis namnet deira vart skriva med samanhengande løkkeskrift og på kartet fann vi Kvinnherad og Valen.

Skulemeistaren var i godt lag, skrytte over elevane og bad dei koma att om to dagar til neste skuledag. I fristunda var det leik og moro ute på skuleplassen. Ja, for dei som trong det, måtte ein gå på utedoen.

Tekst: Kristian Olav Bringedal